



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	23.10.2025
Møtetid:	09:00 - -15:30
Møtestad:	Kommunehuset, Sætremarka 2, Møterom Børilden

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Morten Sognnes	ordfører	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Hege Ramsland	medlem	H	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	medlem	SP	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Britt Mary Skaalevik Lerøy	kommunedirektør
Anne Hildegunn Færøy	kommunalsjef
Trine Merete Jansen	kommunalsjef
Asbjørn Nagell Toft	plansjef
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef
Kari Torkildsen Utkilen	fagleiar kultur

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utval sleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 85/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 86/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå 18. september	
PS 87/2025	Referatsaker	
RS 30/2025	Gjeldsrapport september 2025	
RS 31/2025	Kommunegrafene - September 2025	
RS 32/2025	Skatt 2025 til og med september	
PS 88/2025	Handsaming av klage på dispensasjon til oppføring av naust, molo og flytebryggje på gbnr. 159/1 - Dyrneset	
PS 89/2025	Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 12.09.2025 til 15.10.2025	
PS 90/2025	Dispensasjon for kai/flytebrygge på gbnr. 155/62 - Hopland	
PS 91/2025	Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 23. oktober 2025	
PS 92/2025	Temaplan helse og velferd - 2025	
PS 93/2025	Temaplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Austrheim kommune - Offentleg ettersyn	
PS 94/2025	Stadfesting av Austrheim som nynorskkommune	
PS 95/2025	Søknad om barnehageplass for barn utan lovfesta rett til plass	
PS 96/2025	Økonomirapportering september 2025	
PS 97/2025	Uttale/ønskje til val av tomt for nybygg Austrheim vidaregåande skule	

PS 85/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sak 85/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste
Formannskapet - 23.10.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 85/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste
Formannskapet - 23.10.2025

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 86/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 18. september

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent

Sak 86/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 18. september
Formannskapet - 23.10.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 86/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 18. september
Formannskapet - 23.10.2025

Møteprotokollen frå sist møte vart godkjent

PS 87/2025 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tek referatsakene til vitande.

Sak 87/2025 Referatsaker
Formannskapet - 23.10.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 87/2025 Referatsaker
Formannskapet - 23.10.2025

Formannskapet tok referatsakene til vitande.

RS 30/2025 Gjeldsrapport september 2025

RS 31/2025 Kommunegrafene - September 2025

RS 32/2025 Skatt 2025 til og med september

PS 88/2025 Handsaming av klage på dispensasjon til oppføring av naust, molo og flytebryggje på gbnr. 159/1 - Dyrneset

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek klagen frå Statsforvalteren i Vestland delvis til følge.

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå Kommuneplanen sin arealdel med plan-id: 4632_2013001 til bygging av to naust, ei flytebryggje og ein molo på 159/1 på omsøkt stad.

Vilkåra er:

1.At eksisterande verneverdig naust på eigedomen med gråsteinsmur vert restaurert før nye naust får igangsetjingsløyve.

2.At ålmenta har tilgang til omsøkt område, og at det ikkje vert privatisert på nokon måte.

3.Det kan ikkje seinare byggjast naust i område avsatt som eksisterande naustområde i kommuneplanen der dei to verneverdige nausta ligg.

4.Dei to nausta som vert bygd skal tilhøyra garden og kan ikkje fradelast frå landbrukseigedomen.

5.Krav i uttale frå Bergen sjøfartsmuseum skal følgjast.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8, samt naturmangfaldlova §§ 8-12 og i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt tilbake til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering.

Sak 88/2025 Handsaming av klage på dispensasjon til oppføring av naust, molo og flytebryggje på gbnr. 159/1 - Dyrneset

Formannskapet - 23.10.2025

Handsaming:

I denne saka var det synfaring. Til stades på synfaringa var formannskapet (Morten Sognnes, Per Lerøy, Hege Ramsland, Ann Kristin Leirvåg og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn), kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy, plansjef Asbjørn Nagell Toft, grunneigar Even Jarle

Haugland (gbnr 159/1), og naboar Magnus Dyrnes og Reidun Vangsnes Dyrnes (begge gbnr 159/3).

Sakshandsaminga gjekk føre seg på kommunehuset, etter synfaringa.

Etter synfaringa orienterte plansjef Asbjørn Toft om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Per Lerøy (Ap) sa at dette er i eit eksisterande naustområde, og ba om at ein endrar framlegget til at det blir gjeve løyve til å bygga tre naust, i det som framstår som eit eksisterande naustområde. Ber om at punkt 4 vert teke ut av vedtaksframlegget. Betre å svara ærleg om at ein ikkje finn seg i at dette tiltaket skal stoppast av Statsforvaltaren, dette er eit overformynderi.
- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) støtta Lerøy, og ba om at det vart teke inn at ein set krav om at Statsforvaltaren kjem på synfaring.
- Morten Sognnes (H) ba om at det vart vektlagt at det her er søkarar som ønskjer å busetja seg der og vidare satsar på landbruk.
- Formannskapet var samde i at ein ønskjer å gje løyve.
- Sakshandsamar Toft ba om at vedtaket vart klart formulert.
- Per Lerøy (Ap) ba om at ein i følgeskrivet tar med ein kommentar som har vore på trykk i Bergensavisen 18. oktober 2025 som omhandlar denne problemstillinga med at Statsforvaltar overprøver kommunane sine avgjerder.
- I fellesskap vart det formulert eit nytt framlegg til vedtak, og formannskapet var samrøystes i at ein legg ved kommentaren nemnt av Per Lerøy (Ap) over når vedtaket frå formannskapet skal sendast over til Statsforvaltaren.
Bergensavisen: Debatt, Politikk | Lokalpolitikk er i ferd med å verta ein parodi. Denne mannen er utstyrt med statleg tvangstrøye. - <https://www.ba.no/lokalpolitikk-er-i-ferd-med-a-verta-ein-parodi-denne-mannen-er-utstyrt-med-statleg-tvangstroeye/o/5-8-3193374>

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegga til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Formannskapet var samrøystes for det nye framlegget til vedtak.

Vedtak i sak 88/2025 Handsaming av klage på dispensasjon til oppføring av naust, molo og flytebyggje på gbnr. 159/1 - Dyrneset
Formannskapet - 23.10.2025

Formannskapet i Austrheim har i samband med møtet 23. oktober 2025 vore på synfaring på gbnr 159/1. Formannskapet ser på det omsøkte tiltak som viktig for å oppretthalda levande bygder. Formannskapet tek ikkje klagen frå Statsforvalteren i Vestland til følge.

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå Kommuneplanen sin arealdel med plan-id: 4632_2013001 til bygging av tre naust, ei flytebyggje og ein molo på 159/1 på omsøkt stad. Vilkåra er:

1. At eksisterande verneverdig naust på eigedomen med gråsteinsmur vert restaurert før nye naust får igangsetjingsløyve.
2. At ålmenta har tilgang til omsøkt område, og at det ikkje vert privatisert på nokon måte.
3. Det kan ikkje seinare byggjast naust i område avsatt som eksisterande naustområde i kommuneplanen der dei to verneverdige nausta ligg.
4. Krav i uttale frå Bergen sjøfartsmuseum skal følgjast.

Grunngjevinga for at formannskapet oppretthald si haldning i saka, er at det ikkje har komme inn nokre nye moment i klagen frå Statsforvaltar som tilseier eit anna vedtak.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8, samt naturmangfaldslova §§ 8-12 og i forvaltningslova § 33.

Viser også til handsaminga i formannskapet.

Saka vert sendt tilbake til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering.

PS 89/2025 Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato
12.09.2025 til 15.10.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tar dei delegerte vedtaka til vitande.

Sak 89/2025 Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 12.09.2025 til
15.10.2025
Formannskapet - 23.10.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om dei delegerte sakene.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 89/2025 Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 12.09.2025 til 15.10.2025

Formannskapet - 23.10.2025

Formannskapet tar dei delegerte vedtaka til vitande.

PS 90/2025 Dispensasjon for kai/flytebrygge på gbnr. 155/62 - Hopland

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå **LNF-område** på land (kommuneplanen sin arealdel) og frå område avsett til **bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone** (interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland) for omsøkte kai/flytebryggje på gbnr. 155/62. Vilkåra er:

- 1.At ålmenta har tilgang til omsøkt område, og at det ikkje vert privatisert på nokon måte.
- 2.At Vestland fylkeskommune/Bergen Sjøfartsmuseum sine eventuelle krav vert følgt opp (kulturmiljøfagleg fråsegn).
- 3.At flytebryggja skal delast mellom hytteeigarar på gbnr. 155/62 og 155/58.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8, samt naturmangfaldlova §§ 8-12.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagevurdering.

Sak 90/2025 Dispensasjon for kai/flytebrygge på gbnr. 155/62 - Hopland
Formannskapet - 23.10.2025

Handsaming:

Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 90/2025 Dispensasjon for kai/flytebrygge på gbnr. 155/62 - Hopland
Formannskapet - 23.10.2025

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå **LNF-område** på land (kommuneplanen sin arealdel) og frå område avsett til **bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone** (interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland) for omsøkte kai/flytebryggje på gbnr. 155/62. Vilkåra er:

- 1.At ålmenta har tilgang til omsøkt område, og at det ikkje vert privatisert på nokon måte.
- 2.At Vestland fylkeskommune/Bergen Sjøfartsmuseum sine eventuelle krav vert følgt opp (kulturmiljøfagleg fråsegn).
- 3.At flytebryggja skal delast mellom hytteeigarar på gbnr. 155/62 og 155/58.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8, samt naturmangfaldlova §§ 8-12.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagevurdering.

PS 91/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 23. oktober 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tek orienteringane til vitande.

Sak 91/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 23. oktober 2025

Formannskapet - 23.10.2025

Handsaming:

Det blei orientert om følgjande saker:

Status helse- og omsorgstun, kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om status på prosjektet per i dag.

- Kommunestyret vedtok i møtet 1. oktober at det skal jobbast vidare med tomtealternativ 5 (ved Austrheimhallen) og 4 (dagens plassering)
- Det var 2. oktober ein idédugnad med deltaking frå tilsette og brukargrupper med tanke på mogleg plassering av dei ulike funksjonane opp mot kvarandre.
- Administrasjonen hadde 22. oktober eit statusmøte med konsulentverksemda Sweco der dei viste fram sine skisser laga på bakgrunn av idédugnaden 2. oktober.
- Sweco vil komma med innspel og kalkyler, og det skal vera fleire møter med dei framover for å avstemma kva Sweco leverer opp kva administrasjonen ønskjer.
- 3. november vert Levekårsutvalet kalla inn som styringsgruppe for dette prosjektet, for å jobba vidare med prosjektet.
- Sweco skal etter planen levera ein rapport 14. november med skisser og kalkyler, styringsgruppa må då gå inn i dette arbeidet og bestemma korleis ein skal jobba vidare med saka politisk.
- Per Lerøy (Ap) ba om at kommunen straks tar kontakt med grunneigarar for tomt 5 for å sikra seg ein intensjonsavtale om å kjøpa ette arealet, slik at dette er sikra dersom det er dette alternativet som blir val. Må vera ein avtale om at kommunen skal kunna kjøpa dette arealet i framtida dersom det blir aktuelt. Her stadfesta ordførar Morten Sognnes (H) at han vil følgja opp dette, det er ein sjølvsaft ting, men best at det er styringsgruppa (Levekårsutvalet) som styrer dette. Alt med økonomi må innom formannskapet, så styringsgruppa kan ikkje binda kommunen til noko kostnad.

Status investeringar og prosjekt. Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy viste til at kommunalsjef for samfunnsutvikling ikke var til stades i møtet denne dagen. Spørsmål som har komme inn frå Per Lerøy (Ap) om prosjektet med vatn til Førland vil bli tatt opp i eit seinare møte, det har Lerøy godteke.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 91/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 23. oktober 2025
Formannskapet - 23.10.2025

Formannskapet tek orienteringane til vitande.

PS 92/2025 Temaplan helse og velferd - 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner *Temaplan for helse og velferd*, med dei prioriteringar og strategiske grep som er skissert i planen.

Kommunestyret støttar kommunedirektøren sitt forslag om at planen vert gjeldande frå 2025 – 2035, med gjennomgang og revisjon etter 5 år.

Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeidet med handlingsdelen og sikre at tiltak må sjåast i samanheng med overordna prioriteringar og føringar i økonomiplan

Sak 36/2025 Temaplan helse og velferd - 2025
Levekårsutvalet - 16.10.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy spelte inn at handlingsdelen til temaplan for helse og velferd bør vera for eit tidsperspektiv på 4 år, og at denne bør følgja økonomiplanperioden med rulleringar årleg.

Det var semje i utvalet om at det er ei god løysing at planen no er lagt opp til å gjelda for 10 år. Færøy viste til at det var i bestillinga frå kommunestyret at planen skulle gjelda i 4 år, men at 10 år er ei god løysing.

Kommunalsjef Færøy viste til at det er ein auke i talet for personar med demenssjukdom. Status for Austrheim kommune kan ein sjekka på Demenskartet: <https://demenskartet.no/#4632>

Terje Håland viste til at situasjonen er den same for kommunen som for landet, det er mange gode føremål, men det må gjerast prioriteringar mellom desse.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 36/2025 Temaplan helse og velferd - 2025

Levekårsutvalet - 16.10.2025

Kommunestyret godkjenner Temaplan for helse og velferd, med dei prioriteringar og strategiske grep som er skissert i planen.

Kommunestyret støttar kommunedirektøren sitt forslag om at planen vert gjeldande frå 2025 – 2035, med gjennomgang og revisjon etter 5 år.

Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeidet med handlingsdelen og sikre at tiltak må sjåast i samanheng med overordna prioriteringar og føringar i økonomiplan

Sak 92/2025 Temaplan helse og velferd - 2025

Formannskapet - 23.10.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Ordførar Morten Sognnes (H) spurte om korleis Austrheim kommune ligg an samanlikna med andre kommunar, med tanke på demens. Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy svara at tala her er som i andre tilsvarande kommunar, med tanke på alderssamansetnaden for innbyggjarane.
- Hege Ramsland (H) spurte om kva som gjer at fleire får demensdiagnosen no, kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy svara at det handlar om meir openheit, betre kunnskap med meir.
- Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy viste til at det etter innspel er lagt opp til at planen skal gjelda i 10 år, med revisjon etter 5 år.
- Per Lerøy (Ap) viste til at Levekårsutvalet har bedt om at handlingsplanen vert sett opp mot økonomiplanen, noko som er inkludert i framlegget til vedtak.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 92/2025 Temaplan helse og velferd - 2025

Formannskapet - 23.10.2025

Kommunestyret godkjenner Temaplan for helse og velferd, med dei prioriteringar og strategiske grep som er skissert i planen.

Kommunestyret støttar kommunedirektøren sitt forslag om at planen vert gjeldande frå 2025 – 2035, med gjennomgang og revisjon etter 5 år.

Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeidet med handlingsdelen og sikre at tiltak må sjåast i samanheng med overordna prioriteringar og føringar i økonomiplan

PS 93/2025 Temaplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Austrheim kommune - Offentleg ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet legg «**Temaplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Austrheim kommune 2025-2035**» ut på offentlig ettersyn.

Planen er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2037 for Austrheim kommune. Grunngevinga for vedtaket står elles i saksutgreiinga.

Sak 93/2025 Temaplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Austrheim kommune - Offentleg ettersyn

Formannskapet - 23.10.2025

Handsaming:

Fagleiar kultur Kari Torkildsen Utkilen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Formannskapet gav gode tilbakemeldingar på det arbeidet som er gjort.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 93/2025 Temaplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Austrheim
kommune - Offentleg ettersyn
Formannskapet - 23.10.2025

Formannskapet legg «**Temaplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Austrheim kommune 2025-2035**» ut på offentlig ettersyn.
Planen er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2037 for Austrheim kommune.
Grunngjevinga for vedtaket står elles i saksutgreiinga.

PS 94/2025 Stadfesting av Austrheim som nynorskkommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret godkjenner forskrift om hovudmål ved skulane i Austrheim kommune 2025-2030.

Sak 94/2025 Stadfesting av Austrheim som nynorskkommune
Formannskapet - 23.10.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) viste til at ofte når kommunen nyttar konsulentar, så leverer dei arbeidet sitt på bokmål. Etterlyser at kommunen stiller krav om nynorsk frå desse. Her kommenterte ordførar Morten Sognnes (H) at det vert lettare å stilla slike krav når det er gjort vedtak om at Austrheim er ein nynorskkommune.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 94/2025 Stadfesting av Austrheim som nynorskkommune

Formannskapet - 23.10.2025

Kommunestyret godkjenner forskrift om hovudmål ved skulane i Austrheim kommune 2025-2030,

PS 95/2025 Søknad om barnehageplass for barn utan lovfesta rett til plass

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek stilling til om dei to barna skal få tilbod om barnehageplass frå januar og februar/mars 2026, eller om oppstart skal vente til august 2026 i tråd med lovfesta rett. Det ligg føre to alternativ:

Alternativ A – innvilge søknadane

Formannskapet vedtek at dei to barna får tilbod om oppstart i barnehage frå høvesvis januar og februar/mars 2026.

Alternativ B – ikkje innvilge søknadane

Formannskapet vedtek at barna får barnehageplass frå august 2026, i tråd med lovfesta rett etter barnehagelova § 16.

Sak 95/2025 Søknad om barnehageplass for barn utan lovfesta rett til plass

Formannskapet - 23.10.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Viste til at med løpande opptak som Austrheim har, så kan ein risikera at det er behov for auka bemanning om ein tek inn fleire barn frå tidleg på våren, heller enn å venta til neste ordinære opptak i august 2026.
- Per Lerøy (Ap) viste til at dette er diskutert i partigruppa, der ein går for alternativ A. Er ein risiko, men må berre følgja dette opp med budsjett til bemanning. Dersom det kjem så mange nye barn at det må tilsetjast nye, så må det komma opp som ei eiga sak.
- Hege Ramsland (H) spurte om det er barn frå eigen eller frå andre kommunar, Jansen svara at dette er barn som bur i kommunen i dag.
- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) støtta alternativ A.

- Morten Sognnes (H) spurte kva som kan skje dersom ein seier nei, og borna får plass i barnehage i ein annan kommune. Her svara Jansen at dersom borna får plass i ein annan barnehage så vil Austrheim kommune få refusjonskrav frå den kommunen der barnet har plass.
- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om kven som dekkar ev. kontantstøtte, her svara Jansen at det ikkje er kommunen som betalar ut denne. Per Lerøy (Ap) la til at dersom ein forelder tar kontantstøtte så blir det lågare skatteinntekter for kommunen.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegga til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, alternativ A.

Vedtak i sak 95/2025 Søknad om barnehageplass for barn utan lovfesta rett til plass
Formannskapet - 23.10.2025

Formannskapet vedtek at dei to barna får tilbod om oppstart i barnehage frå høvesvis januar og februar/mars 2026.

PS 96/2025 Økonomirapportering september 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tar orienteringa til vitande.

Sak 96/2025 Økonomirapportering september 2025

Formannskapet - 23.10.2025

Handsaming:

Økonomi- og HR sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om:

- Skatteanslag per september (ligg som referatsak til dette møtet - RS 32/2025)
- Gjeldsoversikt per september (ligg som referatsak til dette møtet - RS 30/2025)
- Er budsjettet med ein mindreforbruk på 10,5 millionar i 2025. Per september ser ein at kommunen ligg 2,5 millionar kroner bak budsjett.

- I tillegg er oversikta over tala vidare at negative avvik utgjer 1,95 millionar meir enn enn positive avvik.

Det vart diskutert noko kring prosjektstyring, mellom anna for ulike VA-prosjekt. Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy viste til at det føreligg eit godt reglement for styring av investeringsprosjekt, men dette må følgjast i det enkelte prosjektet. Her sa kommunedirektøren at det vil bli endringar framover.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 96/2025 Økonomirapportering september 2025

Formannskapet - 23.10.2025

Formannskapet tok orienteringa til vitande.

PS 97/2025 Uttale/ønskje til val av tomt for nybygg Austrheim vidaregåande skule

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet/kommunestyret i Austrheim tilrår Vestland fylkeskommune til å prioritera tomtealternativa 1-5 i denne rekkefølga (rangeringa blir gjort i møtet):

Sak 97/2025 Uttale/ønskje til val av tomt for nybygg Austrheim vidaregåande skule

Formannskapet - 23.10.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes orienterte om det arbeidet som er gjort frå folkevalde/administrasjonen i denne saka.

- Austrheim vil fronta denne saka opp mot nabokommunane, og reknar med støtte frå dei.
- Det må også gjerast ein jobb opp mot dei folkevalde i fylkestinget.
- Kommunen må spela inn at det bør leggjast opp til å bygga ein skule for det elevtalet ein har hatt tidlegare, på 400 elevar.

- Formannskapet gikk gjennom hovuddelen av "Presentasjon - Austrheim VGS mulighetsstudie 171025"

Formannskapet diskuterte saka, og kom med denne innstillinga til kommunestyret:

Prioritert rekkjefølgje:

1. Alternativ "Verftet"
2. Alternativa på dagens plassering
3. Alternativ "Mongstad"

Fram mot kommunestyret 30. oktober vert det jobba med argumentasjonen bak prioriteringa.

- Austrheim kommunestyre vil rå Vestland fylkeskommune til å gå for ei plassering i Mastrevik, det som i moglegheitsstudien er nemnt som «alternativ 02 - VERFTET».
- Som det framgår av moglegheitsstudien skårar dette alternativet bra på ei rekkje viktige målepunkt, mellom anna god stadutvikling, og gjenbruk av deler av eksisterande bygningsmasse. I tillegg peikar moglegheitsstudien på at dette alternativet vil gje ein skule tett på sjøen, noko som er bra for ein utdanningsinstitusjon med linjer innan maritim næring og akvakultur.
- Dette vil vera ei god plassering for eit nybygg, og vil også revitalisera denne skulen med tanke på vidare utvikling og søkartal.
- Dei utfordringane som måtte vera med denne plasseringa er fullt ut løyselege, og denne plasseringa har også vore utgreidd tidlegare i samband med tidlegare planar for oppgradering av Austrheim vidaregåande skule.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 97/2025 Uttale/ønskje til val av tomt for nybygg Austrheim vidaregåande skule

Formannskapet - 23.10.2025

Prioritert rekkjefølgje:

1. Alternativ "Verftet"
2. Alternativa på dagens plassering
3. Alternativ "Mongstad"

Fram mot kommunestyret 30. oktober vert det jobba med argumentasjonen bak prioriteringa.